



Den tradisjonsrike lerka på Haugland skulemuseum må fellast.

Det tradisjonsrike lerketreet på Haugland skulemuseum må fellast. Lerka vart i si tid planta av lærar Andreas Haugland og elevane på skulen. Med ei høgde på 30 meter er lerketreet ein fare for skulemuseet. Med dei stormane ein har hatt dei siste åra, vil truleg lerka ryka med før eller seinare. Treet står tett inntil inngangsdøra og kan vera eit hinder om ein raskt må fram med køyretøy.

Skulemuseet er omkransa av vakre bøketre. Dei skal stå, men nokre greiner som i dag ligg innover taket på skulen, må sagast ned. Øyvind Hatteberg tek slike oppdrag. Han må ha lift på plassen, og arbeidet vert gjort straks etter påske.

Ein har etter kvart teke lærdom av utver og skade på Bygdetunet Rød. Her må taket på stallen må leggjast om. Det er eit omfattande arbeid som krev ein dyktig handverkar.

Den gamle skulen på Haugland treng vedlikehald. Skulehuset skal reingjerast og målast i sommar. Om nokon vil ta dette som ein betalt dugnad, meld frå til Kristian Bringedal.



Vedlikehold med vasking og måling vert gjort i sommar

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland